



Tingvoll, 10.7.2023

Mellom AS

kundeservice@mellom.no

FRAMANDARTAR SPREIDD MED VERKSEMD I LINENETTET

Hausten 2022 oppdaga vi at det er eit område med kjempespringfrø nær brytaranlegget på høgspendlina ved Tingvollia i Tingvoll. Vi har undra oss litt over førekomsten, men meiner vi har forstått bakgrunnen for førekomsten no.



Kartutsnittet frå Artskart. Brytarrangementet øvst i utsnittet.

To brune punkt er registreringar av kjempespringfrø frå hausten 2022. Punktet på nordsida av vegen representerer ei plante eller to, tatt hand om og notert som fjerna. På sørsida representerer punkt eit areal anslått til 25 m² i skråninga frå parkeringslomma. Her må det ha vore planter og frøspreiing i fleire år. 5 frø spreidd på området for 5 år sidan kan vere eit mogleg utgangspunkt for den førekomsten ein ser no.

Vi meiner førekomsten kan setjast i samband med nedgraving av høgspenkabel for nokre år tilbake. Då bruka Mellom AS ein lokal entreprenør som driv verksemd i område med mykje kjempespringfrø utan å gjere rein gravemaskina mellom oppdraga.



Bilete av skråninga ved parkeringslomma 1.9.2022, foto Øystein Folden.

Det vi ønskjer å vite no er om Mellom ser på dette spreiningstilfellet som sitt ansvar og vil gjere noko med det.

Vi har tidlegare gjort merksam på ein førekomst av hagelupin mellom stolpane i brytararrangementet. I 2021 sende de etter varsel frå oss ut mannskap som tok hand om plantene før dei kunne sleppe frø. I 2022 verka det som de gløymde det. Om de ikkje har det frå før, er det tid for å få seg nokre rutinar på dette området.

Med helsing

Øystein Folden
leiar